

## Sensurordningane

Utdanningsutvalet vedtok 23.09.2015 å slutte seg til hovudpunkta i dei reviderte tilrådingane frå arbeidsgruppa, men det vart vedteke at leiar i utvalet i samråd med leiar i arbeidsgruppa burde sjå nærare på definisjonen av ekstern sensor og oppnemning av sensorar med sikte på å komme fram til ei *omforeina tilråding*.

### Definisjon av ekstern sensor

#### ***Tilråding i rapporten***

*Arbeidsgruppa tilrår følgjande definisjon:*

- *Ekstern sensor kan ikkje vere tilsett i hovudstilling eller bistilling og heller ikkje ha hatt engasjement som timelærer i det aktuelle emnet for eksamenskullet.*

#### ***Revidert tilråding***

- *Ekstern sensor kan ikkje vere tilsett i hovudstilling eller bistilling ved den eininga som tilbyr undervisning i emnet eller som er ansvarleg for det studieprogrammet emnet er ein del av. Ho/han kan heller ikkje ha hatt engasjement som timelærer for det aktuelle eksamenskullet.*

Arbeidsgruppa endra tilråding med utgangspunkt i høyringsfråsegnene der nokre institusjonar hadde peika på at samanslåing av institusjonar kunne føre til at det ville bli vanskelegare å finne eksterne sensorar med den tilrådde definisjonen. Det var også gitt uttrykk for at det viktigaste var at ekstern sensor ikkje hadde tilknytning til det aktuelle fagmiljøet.

I Utdanningsutvalet vart det gitt uttrykk for at definisjonen i den reviderte tilrådinga var problematisk.

Konsekvensane av samanslåing av institusjonar er førebels uklåre, og det kan vere naturleg at institusjonane tilpassar definisjonen av «ekstern sensor» ved utarbeiding av lokale reglar. Det avgjerande er at ein sikrar at dei som fungerer som ekstern sensor ikkje er nært knytt til det fagmiljøet som har ansvaret for undervisninga.

Det er også peika på at det innafor nokre fagområde kan vere tett samarbeid mellom tilsette ved undervisningsinstitusjonen og forskingsinstitutt/forskingssenter og at den formelle tilknytninga til institusjonen ikkje alltid er avgjerande.

#### ***Omforeina tilråding:***

- *Ekstern sensor kan ikkje vere tilsett i hovudstilling eller bistilling ved institusjonen og heller ikkje ha hatt engasjement som timelærer i det aktuelle emnet for eksamenskullet. Tilsette ved samarbeidsinstitusjonar bør ikkje nyttast som eksterne sensorar dersom dei har nær tilknytning til det fagmiljøet som har ansvar for undervisninga i emnet.*

## **Oppnemning av sensorar**

### ***Tilråding i rapporten***

*Arbeidsgruppa tilrår at sensorar, interne og eksterne, blir oppnemnde av styret ved institusjonen eller av det organet som oppnemninga eventuelt er delegert til.*

I høyringsrunden var det mange innvendingar mot sterkare formalisering på dette punktet, særleg mot oppnemning av interne sensorar.

### ***Revidert tilråding***

Arbeidsgruppa slutta seg til at oppnemning av interne sensorar vart tatt ut og viste til at spørsmålet om oppnemning av sensorar var regulert i UH-lova, og at det ikkje var behov for reglar i tillegg til det.

I Utdanningsutvalet vart det peika på at praksis ved oppnemning av sensorar kunne vere veldig ulik og det vart gitt uttrykk for og at det kunne vere ynskeleg om bruken av sensorar vart vurdert av styringsorgana.

Ved større institusjonar er det nødvendig at oppnemninga av eksterne sensorar blir delegert til styringsorgan på lågare nivå. Det organet som har delegert oppnemninga er likevel ansvarleg for at bruken av eksterne sensorar er i samsvar med institusjonens kvalitetssystem og retningslinjer, og det er naturleg at det blir orientert om dette i samband med årsrapportar eller kvalitetsmeldingar.

### ***Omforeina tilråding***

*Eksterne sensorar blir oppnemnde av styret ved institusjonen eller av det organet som oppnemninga eventuelt er delegert til. Det blir orientert om bruken av eksterne sensorar i samband med årsrapportar eller kvalitetsmeldingar.*